

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Endra punkt 2, 1. setning:
Sambandet Kvandal-Utne skal oppretthaldast som i dag, og siste avgang skal vera 22.50 alle dagar."

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

1. "Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal - Utne
 - Kinsarvik - Utne
2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrkt i "rush"-perioden, jf. saksframlegget alternativ 2."

Mona Hellesnes sette fram slikt forslag:

"Endringane i ferjetilbodet vert innført frå 1. oktober."

Røysting

Innstillinga punkt 1 fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga punkt 2, 1. setning fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Innstillinga punkt 2, 2. setning fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

Strømme sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF).

Vedtak

1. Som følgje av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal - Utne - Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal - Utne
 - Kinsarvik - Utne
2. Sambanda vil frå hausten 2015 få eit rutetilbod tilpassa dagens trafikkgrunnlag.

For sambandet Kvanndal - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men talet på turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik - Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod der opningstida er redusert i forhold til dagens tilbod, men frekvensen vert styrkt i "rush"-perioden, jf. saksframlegget alternativ 2.

3. Endringane i ferjetilbodet vert innført frå 1. oktober.